

Eidsdal Kraft AS
6215 Eidsdal

tlf 70258480
mobil 91826868
Fax 70258481
epost: egil-berge@c2i.net

Eidsdal . **28.01.2009.**

Olje og energidepartementet,
Einar Gerhardsdnplass 1
Postboks 8148 Dep. 0033 OSLO.

Høyringsuttale til: Høring – endringar i energiloven.

Som eigar av eit småkraftverk som har kome i drift, er vi svært nøgde med at det no vert foreslått å gjere det lettare å få nettilknytning, slik at fleire kan få byggje ut. At netteigarane vert pålagt å utrede tilknytning, er eit stort steg framover for å få realisert ny fornybar energi.

Det som vi med vår erfaring ser på som svært viktig, er at det må kome inn ei tilskotsordning som tilfører nettutbyggjarane midlar slik at dei økonomisk vert i stand til å byggje ut/forsterke nettet. Det er oftast slik at dei utbyggbare vassdraga ligg i grisgrendte strok, der det er få å dele utgiftene på, og det kan verte svært store forskjellar på kor store anleggsbidraga kan bli.

Vi synest det er ei brukbar samanlikning mellom å byggje ut vegnett, fibernett og kraftnett. På alle desse områda må det vere eit ansvar for staten å stå for ei utjamning dersom ein skal oppretthalde busetjinga og arbeidsplassar over heile landet.

Vi bed med dette om at utjammingsbidrag kjem inn som ein naturleg del, i ei eller anna form, slik at uansett kvar ein bur vil ein få tilnærma lik nettleige/anleggsbidrag.

Sett på bakgrunn av klimakrise og økonomisk krise, må grensa for kva som er samfunns-messig rasjonelle prosjekt, setjast høgt, og det må sjåast på i ein global samanheng. Som kjent tenar staten stort på å selje utjammingskraft til utlandet, og dette vil auke i takt med nye kraftkablur til utlandet.

Når det gjeld konsesjon for lavspentnett ser vi eit behov for å sikre at det ikkje vert bygt parallelle lavspentnett. Men likeeins som med vegnettet der alle står likt, burde det då også sikrast at nettleiga vert jamna ut. Då vil mykje av grunnlaget for sjølveigde nett falle bort, og dei som allereie har bygt vil få ein kompensasjon for den fordelen dei til no har hatt ved å drifte eit lokalt billeg nett.

Med helsing
Eidsdal Kraft AS

Egil Berge
dagleg leiar